
Fra: Arild Aase <ariaas@statoil.com>
Sendt: 12. juni 2017 14:52
Til: Postmottak Lindås
Emne: Klage vedrørende arbeid ved rydding av grøft og trer langs vegen på Åse

Hei

Sender med dette klage på nokre forhold vedrørende rydding av grøft og vegaline ved Åseveien i vår.

Følgande punkt er tidlegare påpeikt munnleg , men kan ikkje sjå at det er utført noko tiltak og har heller ikkje mottat noko svar vedrørende klagene:

- Grøfterens er utført langs vegen på Åse. Det er lenge sidan sist og det virker som om det derfor skulle takast god i denne gang. Dette medfører at gjerder som står inn mot vegen, er undergravne nokre plassar, som medfører at gjerdene legger seg.
- Langs slåtteenga som eg slår kvar år heilt til vegen, er det no fleire plassar laga grøft slik at eg ikkje har ein jevn flate mellom eng og veg. Dette medfører at det havner jordklumper inn i pakkesystemet og foret når eg skal starte slåttan. Jord i graset er eit stort tap når eg sel grasballer.
- Lurer fortsatt på kvifor ein ikkje får tilbod om å ta imot grusmassane som vert fjerna ved grøfterens. Dette vert i staden kjørt langt avstad til andre gårdbrukere. Dette er vel grunneigars eigeendom? Eg vart ikkje spurt om eg ville ha massane.
- Det vart meldt i frå om at det skulle ryddast i skog som heng over vegen. Eg var ute og såg den dagen det vart merka. Mine kommentarer var at ein ikkje måtte fjerne trea som er gammal planta Bøkeskog. Det var merka trer mange meter fra veglina. Dei fleste trea var store tre som syg mengder liter vatn ut av bakken kvar dag, og oppretter ein tørr og stabil bakke. Det er også desse trea som tek imot når det rasar stein frå lia over. Dette forklarte eg vedkommande som merkte trea. Han fortalde at det var for stort arbeid å fjerne berre greinene som hang over vegen og at de skulle kappe trea et par meter over bakken for at de skulle fortsatt ta imot stein. Eg sa at dette var ufornuftig og at trea burde få stå. Røtene vil rotne og dermed ikkje bære det som kjem ned. Han påstod at trea var farlege og ville knuse vegen dersom dei falt ned. Dette meinte eg var usakeleg. Eg bad neste dag om å få merke på nytt slik at ein ikkje fjerna anna trer enn der heile treet, hang over vegen, og at ein burde berre ta greinene på dei store trea.

Resultatet er at mange store tre som vaks rett opp, men hadde gjerne ei stor grein som hang utover vegen , er blitt fjerna. Dette er tre som står langt utanfor den skuldra som kommunen skal handtere.

Eg var å kikka på arbeidet når det var ferdig og var veldig fortvila over at ein ikkje kunne berre fjerne greinene som hang ut i vegen.

Resultatet no er at det vil gro til med allslags trer og gras, der det alltid har vore eit fint åpent og tørt dekke med lauvskog. No er det åpne felt i lia som fort vil gro til.

Mine krav:

- Eg krev at gjerder vert retta opp igjen langs vegen umiddelbart.
- Eg krev ein betre dialog når Lindås kommunen skal ut å gjere så grundige tiltak på eigedommen min.
- Eg krev at det vert planta inn igjen med bøketrer der det er tatt ut bøketre. Dette vil på sikt få bakken til å fungere og sikre steinras slik den har gjort i dei siste 100 åra. Eg meiner det er ulovleg å ta seg slik til rette i planta skog, utan å ordne opp etter seg.

Krev derfor ei synfaring saman, for å sjå korleis det skal plantast inn nye bøketre frå kommunen.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh, Arild Aase

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you